



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon  
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Vår dato  
25.01.2018  
Dykkar dato  
11.12.2017

Vår referanse  
2016/8813 421.4  
Dykkar referanse  
16/916

Radøy kommune  
Radøyvegen 1690  
5936 Manger

### **Uttale til offentlig ettersyn av områdeplan for gnr. 84 bnr. 4 mfl. på Haukeland Søndre i Radøy kommune**

Vi viser til brev frå kommunen datert 11.12.2017 med melding om offentlig ettersyn av områdeplan for Haukeland Søndre, planID 12602016000600. Frist for uttale er 26.01.2017.

Planområdet omfattar eit stort areal som er avsett til bustadområde i arealdelen av kommuneplanen. Innanfor området i vest skal det leggjast til rette for frittliggjande einebustader, totalt 6 einingar fordelt på 2 tomannsbustader og 2 einebustader. Dei andre bustadareala er planlagt for mogeleg fortetting, slik at tal mogelege bustader er totalt omlag 22. Det er også avsett areal til felles uteopphaldsareal samt lagt inn areal for grønstruktur for å sikre tilkomst til tilgrensande natur og grøntområde. Det er elles avsett fleire grøntområde innanfor planområdet, slik at ein sikrar ein grønstruktur i området og tek vare på landbruksareal og naturområde.

#### **Fylkesmannen sine merknader**

Fylkesmannen si vurdering er at dette i hovudsak er eit bra planforslag, kor det er tatt omsyn til landbruk og natur i planlegginga. Vi har likevel nokre merknader til planen.

#### Bustad- areal- og transportplanlegging

Næraste barnehage, barneskule og matbutikk ligg på Søre Austmarka, om lag 3,5 km nordaust for planområdet. Eit større servicetilbod finn ein i Manger om lag 13 km unna og i Knarvik om lag 12 km unna. Det er busshaldeplass aust i planområdet, men bussen har få avgangar. Dette er slik vi ser det ei bilbasert utbygging. Vi viser til statlege planretningslinjer for bustad- areal- og transportplanlegging og rår kommunen til å redusere talet på bustader i område.

#### Leikeplass

Det er to leikeplassar i området, men ingen av dei har rekkjefølgjekrav. Vi ser at utan rekkjefølgjekrav til leikeplassar er dei ofte vanskeleg å realisere. Vi rår derfor kommunen til å ta inn dette for å sikre at leikeplassane vert opparbeida.

#### Anna

På BFS14, BFF1 og BFF2 er det lagt inn ei byggegrense mot sjø. Fylkesmannen er positiv til dette, men områda som då omfattast av byggeforbodet må då ha eit anna formål enn fritidsbustad/bustad. Dette kan til dømes vere naturområde – grønstruktur. Dette vil gjere planen klarere og meir eintydig.

Vi ønsker lukke til med gjennomføringa av planen.

Med helsing

Kjell Kvingedal  
avdelingsdirektør

Egil Hauge  
fagdirektør

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:

Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	Bergen
Statens Vegvesen, Region Vest	Postboks 43	6861	LEIKANGER